



– Godt
skal det
smaka for
deg som
kjem hit

Arnt Johannessen byr på
piggvar og lunguini (ein slags
pasta), asparges, vårløk og
erter fukta i hummarsaus
når me tek turen til
Bekkjarvik.

Den 350 år gamle gjestgivarstaden, bygt mot slutten av 1600-talet, er på ingen måte prega av alderdom og forfall. Her spring ein familie på fem rundt og gjer sitt beste for at gjestene skal få noko godt i ganen og ei seng å sova i. Og mykje meir.

— For oss er det viktig at den som kjem, skal kjenna seg heime her. Me prøvar å vera tilstades og ta oss av gjestene, og er opptekne av å skapa ein god atmosfære her. God mat av høg kvalitet er ein viktig del av dette, seier familien Johannessen.

Asta og Øystein Johannessen møtte kvarandre i 1979 då Asta jobba på Bellevue



Restaurant i Bergen, og i 1982 drog dei saman til Austevoll for å leiga og driva den staselege gjestgivarstaden. Dette gjekk så bra at dei valde å kjøpa staden to år seinare. Dei har no vore vertskap i 35 år.



Familien samla på trappa til den eldgamle overnattingsstaden. Frå v. bak Regine, Arnt og Ørjan Johannessen. Framme Øystein og Asta Johannessen.

I samarbeid med Halstensen Eiendomsselskap disponerer dei i dag også ein ombygt låve, eit herskapshus og nokre rom i den gamle tønnefabrikken. I dag har Bekkjarvik Gjestgiveri 48 rom inkludert suiter. Nytt kjøken kom på plass i 2012.

Familien er kjent for å vera feinsmeckarar i matvegen, og etter kvart som dei tre borna kom, var det tvillingane Ørjan og Arnt som valde å perfektionera seg i matkunst, til glede for gjestgivarstaden og dei mange gjestene. Regine, systema, jobbar m.a. som resepsjonist her.

Me er mange sunnhordlendingar som hugsar godt jubelen som braut laus då Ørjan Johannessen i 2015 stakk av med det gjævaste trofeet i franske Bocuse d'Or, verdsmeisterskap i kokkekunst. Han gjekk heilt til topps, og kopierte bragda som fitjarkokken Geir Skeie gjorde i 2009.

– No har eg lagt opp, melder Ørjan om sine ambisjonar i verdsklassen, og understrekar at han no fokuserer på å driva gjestgiveriet i lag med broren, systema og foreldra.

– Det handlar no om kvalitet i alle ledd som vertskap for menneske frå inn- og utland som ønskjer å utforska kommunen vår. Me er stolte over samhaldet her i Bekkjarvikja, hamna vår, parken, dei historiske røtene og det me kan tilby gjestene våre av opplevingar.

Skal me døma etter gjesteboka som ligg i resepsjonen, så er det meir enn ein som har gått nøgde herifrå, ut gjennom dørene og ned den gamle trappa.

Fakta:

1. Målgruppe: Gjester frå inn- og utland, konferansar og kurs
2. Formål: Gje ei god oppleving med kvalitet i alle ledd
3. Etablert i 1982. Har i dag 48 rom og 35 årsverk
4. Stad: Bekkjarvik Gjestgiveri, 5399 Bekkjarvik
5. Nettstad/Facebook: <http://www.bekkjarvikgjestgiveri.no>,
<https://www.facebook.com/Bekkjarvikgjestgiveri/>

Tekst/foto: Heidi Eikremsvik

Publisert: 6. august 2018